



Notat

Dato: 21.10.2016
Arkivsak: 2016/412-26
Saksbehandlar: knudjuv

Til: Utvalet for miljø og samferdsel

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål om vedlikehald av haldeplassar

Det vert vist til spørsmål frå representanten **Astrid Aarhus Byrknes** den 5. oktober 2016:

«*Eg takkar for svar på mitt spørsmål som ligg i MISA til 6.10. For å fylge opp denne, så ber eg om at eg får eit "røffleg" eller stipulert tal på kva det vil koste å få kontroll på det etterslepet ein har på vedlikehald på haldeplassar. Eg ynskjer desse i god tid før budsjettet for 2017 skal handsamast.*»

Det er ikkje gjennomført ei heilskapleg kartlegging av behov for haldeplassoppgradering i Bergen kommune eller Hordaland samla, og det ligg derfor ikkje føre eit tilstrekkeleg grunnlag for å nøyaktig slå fast grad av etterslep på vedlikehald.

Grunnen til at det ikkje har vore vurdert som tenleg å gjennomføre ei slik kartlegging er det høge talet på haldeplassar i Hordaland (meir enn 10 400 haldeplassar totalt, ca. 2 100 av desse ligg i Bergen kommune), samt at fleire av haldeplassane ikkje er skilta. Vidare endrar behov for haldeplassoppgradering seg kontinuerleg saman med mellom anna skuleutviklinga i den einskilde kommunen.

I staden for omfattande ressursbruk på kartlegging har det vore fokusert på å styrke programområde kollektiv på fylkesvegbudsjettet (for Hordaland utanom Bergen). Det er fleire ulike aktørar som har kunnskap om og mottar innspel vedkomande haldeplassituasjonen i fylket, til dømes den einskilde kommune, skule og bussoperatør, i tillegg til Statens vegvesen, Skyss og samferdselsavdelinga i fylkeskommunen. Det har derfor i fleire år vore fokusert på å styrke koordineringa av denne informasjonen ved å etablere ei kollektivgruppe for Hordaland som handsamer alle spørsmål knytt til utgreiing, prioritering og gjennomføring av mindre kollektivtiltak i Hordaland utanom Bergen, der haldeplassstiltak er eit sentralt tema.

Når det gjeld større knutepunkt for kollektivtrafikken i Hordaland utanom Bergen er det gjennomført ei kartlegging som viser stort behov for opprusting. I dei fleste tilfelle vil mindre tiltak som til dømes skilting og informasjon har stor effekt, men det er likevel peikt på at meir enn halvparten av knutepunkta har behov for større tiltak.

Resultatet av dette er at programområde kollektiv (del av plan og byggeprogram for fylkesvegane i Hordaland utanom Bergen) har blitt styrka dei seinare åra, etter modell frå Bergensprogrammet. Basert på talet på aktuelle utbetringstiltak som kollektivgruppa for Hordaland utanom Bergen arbeidar med er det

likevel behov for ytterlegare styrking både på plan- og gjennomføringssida, dersom fylkesvegbudsjettet skal vere i stand til å i større grad handtere dei prioriterte tiltaka.

Det bør peikast på at kollektivtiltak i Hordaland utanom Bergen til dels har ein annan karakter enn i Bergen, ved at tiltaka i større grad er ein kombinasjon av verkemidlar med eit trafikktryggleiksfookus, der trygge gang- og sykkelgangsamband mot haldeplass (inkludert sjølv haldeplassarealet) vert ein del av kollektivtiltaka. Desse tiltaka kan ofte vere av enklare type med fokus på trygge skulereiser med buss.

Hordaland fylkeskommune bidrar med ca. 200 mill. kr (2009-kroner) inn i Bergensprogrammet årleg. Desse midlane utgjer størstedelen av det faste arbeidet med programområda. Tabellen under viser dei årlege løyingane henta frå plan- og byggeprogramma, og inkluderer ikkje justeringar gjort i revidert budsjett. Tabellen samanliknar løyingane for Bergen og for Hordaland utanom Bergen, og det er berre dei 4 programområda gang/ sykkel, kollektiv, trafikksikring og miljøtiltak som er samanlikna i tabellen. Andre tiltak som mindre utbetringar og planmidlar er såleis ikkje inkludert.

Som det går fram av tabell 1 er det betydeleg skilnad i ressursbruk til programområda for Bergen og Hordaland utanom Bergen.

	Mill kr totalt	
Programområda	Hordaland utanom Bergen	Bergensprogrammet
2016	58	219/ 301**
2015	63	137/ 193*
2014	47	180/ 211*
2013	59	117/ 177**

* Sum med/ utan bompengar

** Sum med/ utan belønningsmidlar